

Den kulturelle spaserstokken 2015

Rapport

Stord kommune søkte om kr 243 000 og fikk statleg tilskot kr 74 000,- til «Den kulturelle spaserstokken» for bruk i 2015. Stord kommune løyvde kr 53 460,- .Statleg tilskott var tildelt kommunen i 2014 og skulle brukast innan utgongen av 2015.

Kulturskulen	kr 47 000
Stord Bibliotek	kr 18 000,-
<u>Stord kulturskule</u>	<u>kr 20 000,-</u>
Sum	kr 85 000

Sunnhordland museum og Trio Vest



Johanne Øvstebø Tvedten

Manus Blom, Ingjerd K. Kolstad, Jarle Kristoffersen



STAD: Framføring i Daglegstova på Knutsåsen Omsorgssenter

TID: Fredag 20. november kl. 11.00

FRAMMØTTE: Ca 50 personar m/personale

Det var fin ro i salen, god publikumskontakt og stemningsfullt med vekslinga mellom song, musikk og forteljning. Mange i salen kjende forteljninga sin hovudperson, Sønneva Føyen, som enno lever, og dei kjende igjen songane. Forteljninga spenner frå 1931 fram til 1960, og skildrar kvardag og fest, gleder og sorger i oppveksten til Sønneva. Ho vaks opp både på Hiskjo og i den gamle gjestgjevarstaden i Spissøyhamn.

Biblioteket

Biblioteket hadde 3 arrangement hausten 2015

Arrangementa var i samarbeid med og på Knutsåsen omsorgssenter:

*16.9. Songlaget Stordabuen med kombinert program i tekst og tone
(Aktørar var Harry Størksen , Hans Gustav Mussland og Knut Vika)*

25.11. Kombinert musikalsk og tekstleg program ved visesongar Atle Hansen

2.12. Kombinert musikalsk og litterært adventsprogram med Trio Vest og Kari B. Lundal

Alle arrangementa var i daglegstova ved Knutsåsen omsorgssenter.

Ca. 40 deltakarar kvar gong. Også pensjonærar frå Stord sjukeheim var inviterte.

Biblioteksjef Bjørnar Withbro deltok ved alle arrangementa, og han fekk intrykk av at kombinasjonen av musikk og tekst (og også allsong) fungerte godt. Det har han fått stadfesta også i etterkant frå pensjonærar og ved Knutsåsen.

Biblioteket sto for kjøp av kringle til arrangementa, og programleiing.

Trakteringa og det sosiale omkring arrangementa var godt ivareteke av leiar på Knutsåsen og personalet der.

Det sosiale har sjølvsagt også stor betydning ved slike arrangement.

Stord Kulturskule

Det er gjennomført 7 samlingar (4 i vårsemesteret og 3 i haustsemesteret). Samlingane er lagt til torsdagar kl 10.30, og består av to konsert-avdelingar m/distriktsmusikarane og solistar samt allsong og dans/rørsle. Etter konsert og allsong/dans er det servering av kaffi og kringle.

Solistar i år har vore:

Alise Jonassen, fiolin (2 gangar)

Ailin Sanden, song og Fredrik Horn, piano

Magne Kristoffersen, song

Stord gitar-trio

Jorunn Whittaker, dans

Ingjerd K. Kolstad, song

Distriktsmusikarane/Trio Vest består av Jarle Kristoffersen (cello), Magnus Blom (piano) og Grete Hylland (fløyte). Med på alle samlingane er også dansepedagog Jorunn G. Whittaker. Distriktsmusikarane er ansvarlege for det kunstnariske

samt praktisk gjennomføring av alle arrangementa. Rektor i Kulturskolen er ansvarleg for invitasjonar og påmeldingar.

Stord kommune hadde løyvd egne midlar i budsjettet og stod for følgjande framsyningar:

Hallo – Hallo av kompani Krapp, Knutsaåsen omsorgssenter

Fredag 20. februar kl 16:00



Forestillingen Hallo - Hallo

regi: Fredrik Longva

Møt de to søstrene Ebba og Polly Andersen gjennom fem ulike tiår hvor radioen spiller hovedrollen. «Hallo - Hallo» er en teaterforestilling om to søstres sterke bånd, om det å forsone seg med et helt liv av lykkelige, men også vonde stunder - og hvor deilig det er med aftener fylt av sang, dans og liv!

Triade

Konsert på Knutsaåsen omsorgssenteret og Stord sjukeheim 13.12.2015

Med ca 40 tilhørarar på kvar plass.

Fotografi av Tor Resser med motiv Stord teken i tida 1960 – 1970.

Det er kjøpt inn 10 ulike fotografi som skal henge på Knutsaåsen omsorgssenter. Utgifter til innramming og kjøp vert belasta i 2015.

Den kulturelle spaserstokken - ØKONOMI 2015

Fordeling av tilskot for 2015:

Tilskot, Hordaland fylkeskommune	kr 74 000
Kommunale midlar	kr 54 545
Sum	kr 128 546

utgifter

Falturiltu 2014, Linda Eide	kr 10 000
Tilskot til Stord kulturskule	kr 47 000
Bibliotek	kr 18 000
Sunnhordland museum	kr 20 000
Kompani krapp Hallo - Hallo	kr 9 600
Triade – desember	kr 5 200
Lisa Nøttseter	kr 3 000
Sum	kr 112 800

Midlar til kjøp av foto av Tor Resser og utgifter til innramming vert utgiftsført i 2015.

Stord, 14. mars 2015

Guri Andresen Aksnes
kulturkonsulent